


ÅRSMELDING



YTRE SØRE SUNNMØRE SYMJEKLUBB



Versjon 2, 28.02.2025. Korrigeret i tråd med Årsmøtet 25.02.2025

2024

1 INNLEIING

Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS) er ein idrettsklubb som blei etablert 06.09.2016 og har organisasjonsnummer 918 078 436. Klubben tilbyr organisert trening og symjeopplæring i region Ytre Søre Sunnmøre, som omfattar kommunane Hareid, Ulstein, Sande og Herøy.

Årsmøtet for 2023 blei gjennomført 28. februar 2024 parallelt på Ulstein Bibliotek i Ulsteinvik og Frivillighetssentralen i Herøy med digital samankopling.

Styret har i 2024 fokusert på å bygge robust driftsorganisasjon, invitere fleire sponsorar med på laget, profesjonalisere YSSS som arbeidsgivar overfor trenarane, få på plass barnehagesymjing, og sikre samhald og symjeglende på tvers av lokasjonane. Styret har hatt tett dialog med Norges Svømmeforbund (NSF) i utviklinga av klubben, og hadde klubbetok hausten 2024 i førebuing til strategiarbeid for 2025.

Områda i strategiarbeidet definert av NSF, som YSSS vil bygge strategiarbeidet på, er:

1. Aktivitetstilbod
2. Anlegg
3. Organisasjon
4. Trenarar
5. Leiing
6. Arrangement

Årsmøtet 2024 valde eit styre på seks personar, og gjennom året blei det halde seks styremøte der eitt var eit heildags styreseminar ved konstituering. I tillegg hadde styret klubbetok frå NSF sentralt. Klubben sitt styre er å rekne som den daglege leiinga i klubben.

YSSS har etablert seg som klubb i lokalsamfunna med stor aktivitet i 2024. YSSS er synlege, har eit stabilt nivå på aktive symjarar og deltakarar på symjeopplæring. Klubben leverte gode sportslege resultat, både individuelt, lokalt, regionalt og nasjonalt. Årsmeldinga søker å gi eit så godt bilde av drifta som mogeleg.

Styret i YSSS, 14.02.2025

Katrine Vestbøstad

Ingrid Fjørtoft

Cian Walsh

Silje Slotsvik

Martin Jung Leine

Kristin Raanes

2 VISJON, STRATEGI OG MÅLSETJINGAR

2.1 Visjon og verksemdidè

YSSS skal vere ein leiande idrettsklubb på Søre Sunnmøre, med tilbod til barn og ungdom som ynskjer å lære å symje, og til aktive symjarar i breidde og topp.

Verksemdidè:

- Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS) er eit idrettslag som tilbyr grunnleggjande symjeopplæring og eit godt treningstilbod for dei som satsar på symjesporten.
- YSSS skal vere den klubben, der symjegleda og den einskilde utøvaren si personlege utvikling kjem først.

2.2 Verdjar


- **Tryggleik**
 - Tryggleik i vatn - tryggleik på land.
- **Trivsel**
 - Ein klubb med fokus på idrettsglede og sosial trivsel.
 - Den enkelte medlem skal trivast og oppleve samhold og venskap, i eit trygt og godt klubbmiljø.
- **Takhøgde**
 - Ærleg og vise respekt overfor eigne medlemmer, trenarar, dommarar og konkurrentar

2.3 Strategi og målsetjingar

Gjennom ein strategiprosess vinteren 2021 blei det utarbeidd ein strategi for åra 2021-2024 som skildra ambisjonsnivået og retninga for den vidare utviklinga av klubben. Hovudmålet mot slutten av strategiperioda i 2024 er formulert slik: **«YSSS er godt etablert som ein Trinn 2 klubb»**.

Dette målet spegla krava og retningslinjene som var definert i NSF sin guide for klubb utvikling i «Klubbtrappa». NSF har no gått bort frå «Klubbtrappa» som verktøy, og nyttar no «organisasjonshjulet» med seks strategiske område. Desse seks områda er samanfallande med dei fem områda i «Klubbtrappa», med litt justert inndeling.

YSSS sine definerte målsetjingar i strategien 2021-2024 innan kvar av dei fem områda i «Klubbtrappa» er:



Strategien har vore ei rettesnor i utviklinga av klubben i denne perioden, og fleire av måla er både oppnådde og stadfesta som oppnåelege. Strategiarbeidet for neste periode vil bygge vidare på dette.

Årsmeldinga 2024 vil rapportere på dei fem områda i «Klubptrappa» i tråd med strategien til YSSS.

3 SPORT & AKTIVITET

I sentrum for ein symjeklubb er aktivitetane vi tilbyr. For YSSS var det i 2024:

- **Symjetrening** – for utøvarar som har valt symjing som idrett. YSSS tilbyr denne type organisert trening i både Hareid, Ulstein og Herøy.
- **Symjeskulen** - følgjer opplegget til Norges Svømmeskole, som er NSF sin nasjonale plan for symjeopplæring. YSSS tilbyr kurs for barn (5-11 år), ungdom (11-16 år) og til vaksne.
- **Barnehagesymjing** – i 2024 har YSSS etablert samarbeid med barnehagar i Ulstein og Hareid kommune om symjeopplæring for førskulebarn i barnehagane.
- **Damebading** – dette er eit tilbod i bassenget på Hareid. Det er eit populært og godt besøkt tilbod, som også har eit element av inkludering i seg då mange av deltakarane har framandkulturell bakgrunn.
- **Dødsing** – dødsing blei arrangert som eit kurs våren 2024 i Ulstein Arena, på etterspurnad frå ungdom som ønskte tilbodet. Tilbodet blei ikkje vidareført hausten 2024 grunna manglande interesse.

3.1 Symjetrening

Hovudtrenar for klubben er Cian Walsh. YSSS har også i 2024 samarbeidd tett med Volda Turn og Idrettslag (VTI) om felles symjetreningar. Dette har bidratt positivt på trenarkapasitet og sosialt miljø. Klubben organiserer sine treningsgrupper i ulike kategoriar, avhengig av alder, mengde og meistring:

- **Rekrutt R1:** Typisk alder er 9-11 år. Trenar 1-2 gongar per veke med omlag 600-1200 meter per økt. Stort fokus på å automatisere grunnleggjande tekniske ferdigheiter.
- **Konkurransen (K2):** Typisk alder er 11-14 år. Trenar 2-3 gongar per veke med omlag 1500-2500 meter per økt. Høg fokus på vidareutvikling av symjeteknikkane, men også aukande grad av fysisk trening.
- **Konkurransen (K1):** Typisk alder er 12-19 år. Trenar minst 3-4 gonger i organiserte økter (3,500m – 5,500m per økt) per veke, i tillegg til 2-4 eigentreningar. Fokus på allsidigheit der dei regionale (LÅMØ) og nasjonale (ÅM) årsklassekonkurransane står i sentrum for treningsarbeidet.

Det er laga gode skildringar på innhald, forventningar og krav til utøvarane i dei ulike gruppene, det ligg tilgjengeleg på YSSS si heimeside; <https://www.ysss.no/treningsgrupper>.

Lokasjon	Gruppe	2020	2021	2022	2023	2024
HAREID	Rekrutt R1	9	14	9	0	0
	Konkurranse (K1&K2)	0	0	0	0	0
	Damebading	7	7	10	11	10
ULSTEIN	Rekrutt R1	19	19	23	10	13
	Konkurranse (K1&K2)	1	1	5	24	19
	Damebading	0	0	0	0	0
HERØY	Rekrutt R1	9	17	25	11	10
	Konkurranse (K1&K2)	0	0	2	13	4
	Damebading	0	0	0	0	0
Sum YSSS	Rekrutt R1	37	50	57	21	23
	Konkurranse (K1&K2)	1	1	7	37	23
	Damebading	7	7	10	11	10


Oversikt over tal på aktive deltakarar (henta frå medlemmer i klubben sine Spond-grupper pr 27.12.2024) i dei ulike gruppene er vist i tabell og graf under. Sidan det ofte er ein «flytande» overgang mellom gruppe 1 og 2, for både rekrutt og konkurranse, er desse vist som ei gruppe.

Overgang mellom kurs (sel) og trening er veldig sårbar, og utøvarar kan felle frå i

dette skiftet. Basert på erfaringar som klubben har gjort seg, har vi valt å halde borna lenger i kursopplegget før dei entrar rekruttklassa. Dette forklarar noko av nedgangen i rekruttgruppene i 2023 og 2024.

I Herøy ser vi ein dramatisk nedgang i talet på konkurransesymjamar (K1/K2) frå 2023 til 2024. Dette meiner vi har samanheng med at Sunnmørsbadet var stengt frå april – juni i 2024, der fleire utøvarar slutta fordi dei måtte reise til Ulsteinvik for å trene. Samtidig har styret hatt utfordringar med å erstatte trenarressursar som har slutta i løpet av våren 2024. Treningstilbodet i Herøy var hausten 2024 drive av ungdommar i klubben.

Utvikling treningsgrupper per lokasjon og totalt for YSSS



Hausten
2024
endra vi

treningstid i Herøy frå måndag til tysdag, slik at YSSS no tilbyr organisert trening på ein av lokasjonane fire

dagar i veka; måndag-torsdag. Utøvarane kan då delta på treningar i Ulstein Arena måndag, onsdag og torsdag, og i Sunnmørsbadet tysdag og torsdag.

Treningsåret 2024 har vore godt trass utfordringar med trenarressursar og nedgang i talet på utøvarar. Klubben har mot slutten av 2024 i underkant av 50 aktive symjarar, noko som er innafør det nivået klubben ynskjer å ligge på.

3.1.1 STEMNE OG KONKURRANSAR

Ein skil mellom approberte (offisielle tider) stemner og uapproberte stemner (det ein kallar «rekruttstemner» og vi arrangerer som «internstemner»).

Approberte stemner (K1 & K2):

	Meetname	City	Organizer	From date	To date	Meetype
⊕	Trøndersvøm	Trondheim	Trondhjems SLK	26.01.2024	28.01.2024	National with int. part.
⊕	Rosesvøm	Molde	Molde SLK	03.02.2024	04.02.2024	Local/Regional
⊕	Vårduppen	Nordfjordeid	Eid SK	24.02.2024	25.02.2024	Local/Regional
⊕	Zeekit LÅMØ Midt	Levanger	Verdal SK og Levanger SLK	15.03.2024	17.03.2024	Age group meet
⊕	Bergen Swim Festival	Bergen	Bergensklubbene	12.04.2024	14.04.2024	International meet
⊕	Jugendsvøm 2024 rekrutt	Ålesund	Aalesunds SLK	27.04.2024	27.04.2024	Unofficial meet
⊕	Jugendsvøm 2024	Ålesund	Aalesunds SLK	27.04.2024	28.04.2024	Local/Regional
⊕	Zeekit Årsklasseesterskap	Kristiansund	Kristiansund SK	24.05.2024	26.05.2024	Age group meet
⊕	Mjøssvøm	Hamar	Hamar IL	14.06.2024	16.06.2024	National with int. part.
⊕	NM Langbane 2024	Bergen	Stevne Bergen	04.07.2024	07.07.2024	Norwegian championship
⊕	SBM Svøm Rekrutt 2024	Ålesund	Aalesunds SLK	14.09.2024	14.09.2024	Unofficial meet
⊕	Sparebanken Møre Svøm	Ålesund	Aalesunds SLK	14.09.2024	15.09.2024	Local/Regional
⊕	AdO Open	Bergen	Stevne Bergen	27.09.2024	29.09.2024	National with int. part.
⊕	Sparebanken Møre Høststevne	Molde	Molde SLK	28.09.2024	29.09.2024	Local/Regional
⊕	Taremaresvøm 2024 Rekrutt	Brattvåg	Brattvåg SK	09.11.2024	09.11.2024	Unofficial meet
⊕	Taremaresvøm 2024	Brattvåg	Brattvåg SK	09.11.2024	10.11.2024	Local/Regional
⊕	Hautstemne	Nordfjordeid	Eid SK	23.11.2024	24.11.2024	Local/Regional
Count=17						

For gruppene innan **konkurransesymjing (K1 & K2)**, har aktiviteten og deltakinga på **approberte stemner** vore høg i 2024.

Samla sett representerer dette **godt over 500 individuelle startar** i dei ulike stemna. Resultata frå stemnedeltaking syner at klubben har fått fram ei gruppe som hevdar seg godt, både regionalt og nasjonalt. Ei oppsummering av nokre av resultata:

- **8 utøvarar** deltok i Landsdels Årsklassemeisterskap (9 kvalifisert) - Region Midt 2024 (LÅMØ) i Trondheim. Plasseringar: 1,1,6,6, 10, 14,16, 23
- **2 utøvarar** kvalifiserte seg gjennom prestasjonar på LÅMØ til Årsklassemeisterskapen (ÅM, landsfinalar) i Kristiansund.
- **6 utøvarar** sikra kretsmeisterskapsmedaljar i 1 eller fleire øvingar i løpet av 2024.
- **2 utøvarar** som vart tatt ut til regionslaget Region Nord (dei 20-30 beste symjarane frå Møre og Romsdal, Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark).
- **11 utøvarar** er kvalifisert til Landsdelsmeisterskap Region Midt 2025.

Dette er svært gode resultat av ein symjeklubb som YSSS og viser at klubben jamt rekrutterer nye utøvarar til symjesporten. **Samarbeidet mellom trenarar, utøvarar og symjeskulen er nøkkelen for å lykkast med dette i lag!**

Resultata er heilt i tråd med strategien og måla som blei lagt i 2021: Ved å satse på rekruttering i form av symjeskulen og samtidig bygge eit sosialt miljø for utøvarane, vil meistring og prestasjonar gi resultat på regionalt og nasjonalt nivå.

Rekruttstemner (R1)


YSSS har også hatt deltaking på **rekruttstemner (R1)** i løpet av året, både i Ålesund og Brattvåg. Å delta på rekruttstemner er viktig øving og førebuing til deltaking i approberte stemner. Det blir ikkje notert tider eller plasseringar på rekruttstemna – fokuset er på det sosiale, det å delta og meistre.

Grunna krevjande trenarkabal for YSSS, har det ikkje blitt deltaking i like mange rekruttstemner som ønska i 2024.

3.2 YSSS Symjeskule

YSSS Symjeskule blei lansert som eit konsept hausten 2020. Symjeskulen er etablert som eit tilbod i Hareid, Ulstein og Herøy kommune.

Utviklinga for symjeskulen frå 2020 til 2024 er vist i diagrammet under.



Trass at vi ikkje nådde målet som var sett for symjeskulen, så er vi godt nøgd med resultatet, særleg sidan vi ikkje fekk gjennomført symjekurs i Sunnmørsbadet andre kvartal 2024. For dei 59 kursa vi gjennomførte, hadde vi 337 kursplassar tilgjengeleg og vi hadde ledig kapasitet på 31 av kursa våre. Auka i talet på kurs frå tidlegare år, heng saman med at det i Ulstein Arena i 2024 var gjennomført kurs på alle nivå samstundes i bassenget. Ved ei slik gjennomføring er det enklare å bytte mellom nivå. Dette grepet har dobla talet på kurs, utan at det har auka talet på deltakarar. I 2024 har vi hatt 168 unike deltakarar på kurs, noko som indikerer at rundt 30-40% av deltakarane kjem tilbake på kurs.

Vi har hatt symjekurs på alle lokasjonane Hareid, Ulstein og Herøy i 2024. Framleis er det størst etterspurnad etter kursa i Ulstein Arena.

I 2024 har vi ikkje gjennomført egne symjekurs for flyktningar, men har inkludert flyktningar i vår normale kursaktivitet. Det har fungert bra. YSSS har dekkja kursavgift med midlar klubben fekk frå PAF. Samla dekkja vi kursavgift til 13 flyktningar på kurs i 2024 med midlar frå PAF.

Årsmøtet i 2024 godkjente eit budsjett som inkluderte rekruttering av ei %-stilling i drifta av klubben. Frå 1. september 2024 vart Sebastian Moldskred Kleven tilsett i 30% stilling som symjeskulekoordinator/klubbsekretær. Sigrid Sætre som var tilset i ei 100% stilling som symjeskulekoordinator, trenar og administrator, slutta 31.mars 2024. Klubben blei i perioden april-september drifta utan tilsette, noko som blei ekstra krevjande for styret.

Det er god dialog med Ulstein Arena, Sunnmørsbadet og Hareid Symjehall om leige av basseng. Vi ser klare teikn på at kursaktiviteten bidrar til auke i rekruttering av medlemmer til symjeklubben. YSSS er svært godt nøgd med kursaktiviteten i 2024. Nivået klubben no ligg på i tal på kurs og deltakarar, er der ambisjonane er. Vi tek med oss læring frå 2024 inn i 2025.

3.3 Barnehagesymjing

Hausten 2023 søkte vi TEFT-midlar (Sparebanken Møre) for å kartlegge interesse og initiere dialog med barnehagar i Ulstein kommune for samarbeid om symjeopplæring. Målet med midlane var å få på plass samarbeidsavtalar med barnehagar, for å søkje midlar frå Statsforvaltaren. TEFT-midlar blei sikra og sju av åtte barnehagar i Ulstein kommune blei med i søknaden til Statsforvaltar om barnehagesymjing. Totalt 90 førskuleborn.

Søknaden til Statsforvaltaren blei innvilga, og hausten 2024 starta vi opp med første runde med barnehagesymjing for barnehagane Sætra, Norlandia (gruppe 1) og Blåtinden. Runde 2 starta opp i slutten av oktober med barnehagane Sundgotmarka, Høddvoll og Almejordet. I januar 2025 startar runde 3 med Norlandia (2 grupper) og Vikemarka. YSSS er søkjar for barnehagane i Ulstein kommune og er ansvarleg for det administrative knytt til koordinering og rapportering, i tillegg til det faglege opplæringstilbodet.

I dialog med Hareid kommune fekk vi også der på plass eit samarbeid om barnehagesymjing. Hareid kommune hadde fått innvilga midlar frå Statsforvaltar og er ansvarleg for det administrative. YSSS har ansvar for det faglege opplæringstilbodet i bassenget.

Så langt er tilbakemeldingane frå barnehagane positive og erfaringane gode. Vi ser for oss at dette er eit tilbod vi skal fortsette med, for å bidra til at alle førskuleborn får same tilbod om vasstilvenning før skulestart – med mål om å auke symjeferdigheitene til born og unngå drukningsulykker.

3.4 Damebading

Damebading har vore eit tilbod på Hareid i fleire år. Dette er eit tilbod som inkluderer på tvers av kultur og tradisjon.

Dette er eit viktig breiddetilbod i klubben, som vi vil fortsette med.

4 TRENARAR

Trenarar er avgjerande for all aktivitet i YSSS. NSF har gått bort frå omgrepet «instruktør» i symjeopplæring, og brukar trenar for all aktivitet. I denne årsmeldinga viser derfor «trenarar» til både trenarar på symjetrening og trenarar på symjekurs og barnehagesymjing.

Det er særst viktig for YSSS som klubb å rekruttere nok trenarar til symjeskulen og til trening. Det er ei kontinuerleg hårfin balanse mellom å ha nok trenarar og å ha nok jobb til trenarar som blir engasjert. Klubben er avhengig av å ha ei viss mengde tilkallingsvikarar, som kan stille opp ved sjukdom og anna frávær av trenarar. Og tilkallingsvikarane må helst ha erfaring og vere sjølvgåande på kursa.

Vi engasjerer mange ungdommar som har svømt sjølv eller likar å vere i bassenget med born. Desse ungdommane skal ofte vidare i livet etter ei viss tid. Gjennom våren/sommaren 2024 mista vi mange av trenarane våre, og trenarkabalen for hausten 2024 blei ekstra krevjande. Spesielt er det underskot på vaksne trenarar (>18 år), som er eit krav å ha til stade på all vår aktivitet.

I løpet av 2024 hadde vi 40 trenarar engasjert, fordelt på Herøy, Hareid og Ulstein.

4.1 Opplæring av trenarar

Opplæring av trenarar er i tråd med NSF sitt utdanningsløp. Dette er eit krav for trenarar engasjert i klubben. I 2024 hadde vi fleire av våre trenarar på kurs:

Tidspunkt	Type kurs	Antal	Arrangør
April 2024	Opplæringstrener svømmearter	2	Aalsk
Juni 2024	Opplæringstrener grunnferdigheter svømming	5	VTI
Oktober 2024	Opplæringstrener grunnferdigheter svømming	8	YSSS

I tillegg var to trenarar påmeldt kurs i «Vill i vann» i desember 2024, men dette kurset blei avlyst.

YSSS dekkjer direkte kostnader for deltaking på kurs, medan kursdeltakar dekker timane på kurs.

4.2 Årleg livredningsprøve

For å oppretthalde autorisasjon som trenar i Norges Svømmeforbund, må ein gjennomføre årleg prøve i livredning.

Dei fleste trenarane tok livredningsprøve under opplæringstrenarkurs. I tillegg deltok trenarar på livredningsprøve saman med Ulstein Arena i september 2024, og saman med Sunnmørsbadet i oktober 2024. Livredningsprøve blei gjennomført på Hareid våren 2024. Symjeskuleansvarleg oppdaterer oversikt over livredningsprøvar.

4.3 Trenarattest

Alle aktive trenarar må ta trenarattest og blir då registrert på minidrett.no. [Minidrett.no](https://minidrett.no) skal no kunne brukast som ei oversikt over alle trenarar vi har i klubben, med full oversikt over utdanning, trenarattest og politiattest.

4.4 Arbeidskontraktar trenarar

I 2024 har det vore ein prioritet for styret å få på plass arbeidskontraktar med trenarane. Dette for å skape tydelege rammer for engasjementet og gjensidig avklare forventningar.

Kontraktsmal blei utarbeidd i dialog med NIF og NSF, og er no på plass. Alle aktive trenarar har signert arbeidskontrakt i løpet av hausten 2024, og dette er styret svært nøgd med å ha fått på plass.

Lønn til trenarane i 2024 vart justert til 130 kr/t for trenarar under opplæring (utan utdanning), 150 kr/t for opplæringstrenar grunnferdigheiter, 170 kr/t for opplæringstrenar symjeartar, 190 kr/t for dei med Trenar 1 utdanning, og 220 kr/t for dei med Trenar 1 utdanning over 18 år.

4.5 Trenarmøter

YSSS har stor utskifting av trenarar og aktivitet på fleire lokasjonar. Informasjon og kommunikasjon med trenarar om rammer og forventningar er naudsynt å fokusere på. Hausten 2024 blei det gjennomført separate trenarmøter i Herøy og Ulstein i oppstarten av symjekursa. Vi hadde då mange nye trenarar, særleg i symjeskulen. Kursa på Hareid starta opp etter haustferien, og symjeskulekoordinator deltok i oppstarten av desse.

5 ARRANGEMENT

Klubben legg stor vekt på å etablere eit trygt og sosialt fellesskap. Dette er ei oppgåve vi alle, både styret, foreldre og utøvarar må ta ansvar for å lykkast med.

5.1 Kretsleir i Sunndal

I vinterferien deltok fem YSSS-symjarar på treningsleir i Sunndal i lag med symjarar frå heile kretsen. I tillegg stilte YSSS med trenar Sigrid Sætre og overnattingsvakter.

Slike arrangement på tvers av klubbar er positive, både for utøvarar og vaksne, og bidreg til auka trivsel i symjemiljøet.

5.2 Skadefri – fellessamling og digitalt kurs

Å førebygge skade er noko av det viktigaste ein gjer på trening. Kvart år blir mange barn og unge skada på idrettsbana. Forsking viser at mange av desse skadane kunne ha vore unngått med rett type trening.

YSSS er oppteken av at symjarane skal halde seg skadefrie, så dei eldste i klubben, trenarar, foreldre og kjæledyr tok del i det digitale kurset SkadeFri i regi av Akershus svømmekrets i april. Mykje god læring og nyttige tips til ein skadefri treningskvardag!

Fysisk og psykisk fostring blei utøvd i praksis ved å samlast heime hos hovudtrenaren, der utøvarane laga sushi før vi trengde oss saman framfor TVn.



5.3 Internstemne - «Smak av Ulstein» og sommaravslutning

Det har blitt tradisjon for YSSS å arrangere internstemne under festivalen «Smak av Ulstein». Dette er eit arrangement som samlar klubben på tvers av lokasjonar og treningsgrupper, der både utøvarar og trenarar blir invitert. Deltakarar på selkurset blir også ofte invitert med, for å bli kjent med klubben og konkurranseforma. Det er fokus på meistring og samhald, individuelle øvingar og nokre stafettar. K1-utøvarane bidreg med å lage startlister og få dei yngre utøvarane på startpallen. Arrangementet blir også ei sommaravslutning i klubben.



5.4 Kick-off, sesongstart

Symjesesongen følgjer skuleåret, og etter ein sommar i «dvale», kick-starta klubben symjesesongen med ei tidleg-laurdagsmorgon-økt i Sunnmørsbadet. Etter økta samlast vi til ein felleslunsj på Frivillighetssentralen, Herøy, med sosialt samvær og bingo.



5.5 Strandrydding i fellesskap

YSSS prioriterer dugnader der alle i alle aldrar kan bidra, som bidrar til lokalsamfunnet og naturen, og samstundes skaper ei kjensle av fellesskap og samarbeid. Dei siste par åra har vi derfor fokusert på strandrydding. I 2024 hadde klubben to ryddeaksjonar, ein i Herøy og ein i Ulsteinvik. Totalt fekk klubben 37.000,- i støtte frå Handelens Miljøfond og Sunnmøre Friluftsråd for innsatsen, som våre over 60 unge strandryddarar gjorde.

Vi er stolte over klubben vår og alle strandryddarane som møter opp, og vi trur at våre aksjonar inspirerer våre medlemmar til å unngå forsøpling og ta vare på naturen vår.

Den sosiale ramma rundt aksjonane med premiar og kake er viktig, og sjølv om vi ber til vergudane om fint ver, så slår ikkje det alltid til.



5.6 Juleavslutning

Etter ei skikkeleg slitsam laurdagsøkt i Ulsteinbadet samla vi utøvarar på alle treningsgrupper og trenarar til juleavslutning på Ulstein Bibliotek. Der åt vi pizza, peparkaker og mandarinar medan vi hørde på julemusikk, før vi gjekk over til julebingo. Då senka roa seg, og stemninga var til å ta og føle på. Heilt til nokon fekk "BINGO"!


Også i år blei det laga julehelsing frå bassenget, som blei delt i sosiale media.



5.7 Stemner

Deltaking i symjekonkurransar (stemner) er oftast over fleire dagar/helg og krev reise og overnatting. For slike stemner legg vi opp til at utøvarar overnattar på rom i lag, felles måltid/aktivitet på kveld og at heilagjengen sit samla og heiar på alle våre utøvarar under stemne. Å bygge sosialt fellesskap er viktig når vi deltek på stemne. Det varierer kven av utøvarane som har med seg foreldre/føresette på stemne, og lagleiar og andre vaksne sikrar då at alle utøvarane blir sett og inkludert.

LÅMØ (Landsdelsårklassemønstring) Midt blei i 2024 arrangert i Levanger. Ein gjeng på 9 symjarar reiste dit. Mykje god symjing, meistringskjensle og trivsel i gruppa.



Årleg legg vi opp til leige av den gamle prestegarden på **Lepsøya** når det er stemne i Brattvågen. Dette fekk vi til i november 2024. Då reiser vi dit etter stemneslutt på laurdagen, lagar mat i lag, et og spelar spel. I år var vi så heldige at vi kunne sjå glimt av nordlys også.

5.8 «Grinch Week» og årsavslutning

Grinch week er blitt ein tradisjon i YSSS. I løpet av romjula gjennomførte dei ivrigaste symjarane heile fem treningsøker, som blei toppa med 10 000m oppdelt i 100x100m med 2 min starttid på nyttårsafta. I 2024 blei Grinch week gjennomført i det splitter nye Voldabadet.

I løpet av veka deltok 24 symjarar frå fem ulike klubbar; YSSS, VTI-symjing, AASLK, Hamar IL svømming og Åstveit svømmeklubb.



6 LEIING

6.1 Styre og leiing

Årsmøtet 2024 fann stad 28.02. parallelt på Ulstein Bibliotek og Herøy Frivillighetssentral med digital overføring. Protokoll ligg ute på websida. Innmeldt styresamansetjing til Brønnøysundregisteret og Noregs Idrettsforbund (NIF) etter dette:

- Styreleiar: Katrine Vestbøstad (f. 1977)
- Nestleiar: Ingrid Fjørtoft (f. 1985)
- Styremedlem: Martin Jung Leine (f. 1976)
- Styremedlem: Silje Slotsvik (f. 1983)
- Styremedlem: Cian Walsh (f. 1977)
- Styremedlem: Kristin Rånes (f. 1987)

Talet på styremedlem blei auka med 1 (frå 5 til 6) i 2024.

6.2 Funksjonar og verv

6.2.1 VALNEMND

Valnemnd er samansett av Frode Nerem og Torstein Nytun.

6.2.2 KONTROLLUTVAL

Kontrollutval er samansett av Silje Saure og Lennart Aambø.

6.2.3 ANSVARLEG POLITIATTESTAR

Alle idrettslag pliktar å innhente politiattest for personar som skal utføre oppgåver som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige (under 18 år) eller menneske med utviklingshemming. YSS har derfor etablert ei rolle som ansvarleg for politiattestar (Sebastian Moldskred Kleven). Ordninga fungerer slik at trenar/tillitspersno er sjølv ansvarleg for søknaden og ved framvising til eitt eller fleire styremedlem. Ny ordning med politiattestar blei lansert av NIF i november 2024, som YSS vil tilpasse seg.

6.2.4 BARNEIDRETTSANSVARLEG

Alle idrettslag som organiserer barneidrett skal utnemne ein person som er ansvarleg for barneidretten i idrettslaget. Sidan 2022 har dette vervet vore tillagt Ingrid Redse Mjaaseth. Dette er registrert i NIF sine register.

6.2.5 SYMJESKULEKOORDINATOR

Symjeskulekoordinator er ei særskild viktig rolle i klubben. Hovudoppgåver:

- 1) Kvalitetssikre klubben sitt kurstilbud ved å planlegge, organisere, gjennomføre og evaluere kurs i tråd med metodikk i Norges Svømmeskole,
- 2) Koordinere og kommunisere med opplæringstrenarar på alle lokasjonar, sikre at trenarar har utdanning og opplæring (Hareid, Ulsteinvik og Herøy),
- 3) Opplæring og oppfølging av utfylling i tryggivann, timelister, lønns-handtering inn mot kasserar/rekneskapsførar, kursregneskap og kursbudsjett.
- 4) Dokumentere symjeskulen si utvikling og utvikle nye kurs og tilbod ved behov.

Sigrd Sætre var tilsett i perioden 1. juli 2023 - 30. mars 2024 i ei 100% stilling som symjeskulekoordinator, trenar og administrator. I denne perioden blei mellom anna barnehagesymjing initiert, rutinar for trenarar utarbeidd og kommunisert, og symjekurs i Ulstein Arena omorganisert for å betre ivareta flytting mellom kursnivå.

1. september 2024 starta Sebastian Moldskred Kleven i ei 30% stilling som symjeskulekoordinator/klubbsekretær. Over tid er målet at stillinga skal aukast til 50% og ta inn fleire administrative driftsoppgåver som styret i dag handterer.

6.2.6 HOVUDTRENAR

Hovudtrenar er også ei viktig rolle i YSSS. Formålet med rolla «Hovudtrenar» er :

Hovudtrenar skal ivareta og utvikle klubben sitt sportslege symjetilbod i tråd med sportsleg plan frå symjeskule til konkurransesympjar på tvers av lokasjonane YSSS har aktivitet, og sikre at denne harmoner med anbefalingar frå NSF. Hovudtrenar har ei nøkkelrolle i strategien for YSSS si utvikling.

Styremedlem Cian Walsh har hatt denne rolla sidan 2020. Han har Trener 1 utdanning frå Norges Svømmeforbund.

6.3 Medlemmer

Medlemmane er hjartet i klubben. Dei bidreg med ferdigheiter og innsats i bassenget, og også med si støtte og engasjement på bassengkanten. Medlemmane skaper fellesskapet der alle kan kjenne seg inkludert og verdsett, som er essensielt for klubben sin suksess og trivsel.


YSSS nyttar SpondClub som medlemsregister. Dette systemet har integrasjon til NIF sine medlemsregister. Dagleg oppfølging av medlemslister har blitt gjort av symjeskulekoordinator i samarbeid med styreleiar.

Det blir framleis jobba med å betre denne funksjonen i klubben, då dette er eit arbeid som krev kontinuerleg innsats. Klubben sin store symjeskuleaktivitet har vist seg å krevje mykje i oppfølging av medlemsregister, og særleg i integrering mot NIF-register. Dette er eit område som framleis må styrkast i åra som kjem.

I SpondClub nyttar YSSS medlemskategoriane:

- «Aktiv utøver»
- «Medlem»
- «Symjeskulelev».

Oversikt i utvikling av medlemstal dei siste åra:



Frå og med 2. kvartal i 2024 lykkast vi med å NIF-registrere symjeskuledeltakarar. I tråd med gren-avtale med NIF og kommunikasjon i påmelding til symjekurs, skal kursdeltakar vere medlem av YSSS. Grunna praktiske utfordringa i fakturering av kurs har vi tidlegare ikkje fått til å fakturere medlemskontingent separat, noko som er eit krav i NIF. Dette får vi no til, noko som viser igjen i våre NIF-registrerte medlemmar i 2024.

6.4 Dommarar

Symjesporten er avhengige av dommarar for å gjennomføre konkurransar (approberte stemner). Som liten og dugnadsdrifta klubb utan eigne approberte stemner, har ikkje YSSS prioritert å fokusere på utdanning av dommarar tidlegare. I tråd med klubben sin vekst og auka deltaking på stemne, følgjer det med eit ansvar om å bidra med dommarar. I 2023 fekk YSSS sin fyrste godkjente symjedommar, som i 2024 har bidratt på lokale og regionale symjestemne. I løpet av komande år må klubben fokusere på utdanning av fleire dommarar.

6.5 Møre og Romsdal Svømmekrets

Møre og Romsdal Svømmekrets jobbar for å støtte og utvikle symjeklubar i regionen. Dei er tilknytta Norges Svømmeforbund, og fokuserer på å fremme symjesporten gjennom ulike tiltak og aktivitetar som å arrangere konkurransar, kurs og treningsleirar for å forbetre ferdigheitene til symjarar på alle nivå.

YSSS er engasjert i Møre og Romdal Svømmekrets sitt arbeid ved Cian Walsh, som er nestleiar i styret og Martin Jung Leine som sit i kontrollutvalet.

6.6 Samarbeid med andre symjeklubbar

YSSS er ein relativt liten klubb og samarbeid med andre klubbar styrkar vårt tilbod og skaper relasjonar på tvers.

I fleire år har samarbeidet med VTI vore sterkt. Utøvarane trenar i lag og deler på trenarressursar. På stemne har YSSS og VTI ofte vore saman.

I 2024 har dialogen mot Aalesund Svømme- og Livredningsklubb (Aask) vore tettare. YSSS-utøvar som har flytta til Ålesund har bytta klubb til Aask, og Aask-symjarar trenar med YSSS no og då. YSSS'arar har også fått tilgang til ledige plassar i Aask-buss til stemne, som er vinn-vinn for begge klubbar.

6.7 Berekraft og samfunnsansvar

YSSS ønskjer å vere ein klubb som tek ansvar for kvarandre og omgjevnadene. Norges Svømmeforbund sitt motto er *“hver nordmann en svømmer, hver svømmer en livredder”*. Symjeopplæring kan redde liv, og dette er eit samfunnsansvar vi tek på alvor i vår aktivitet.

Medvit om korleis vi nyttar ressursar er også viktig, og våre val kan gjere ein forskjell.

Styret la i 2024 opp til ryddeaksjonar som hovuddugnad i klubben. Dette var eit gjennomdiskutert val basert på følgjande faktorar:

- Alle kan delta. Det er viktig for oss å gjennomføre dugnader der utøvarane sjølv bidrar.
- Det byggjer fellesskapskjensle i klubben, på tvers av våre tre lokasjonar. Vi prøver å lage ei sosial ramme rundt ryddeaksjonane.
- Positivt for samfunnet og lokalmiljøet med ryddige strender (Berekraftsmål #14.1).
- Å plukke andre sitt boss er disiplinerande. Vi lærer at boss ikkje skal kastast i naturen.
- Det bygger positivt omdømme for YSSS, vi er synlege der vi ryddar, vi deler i sosiale medier og prøver å få ei sak i lokalavisa.
- Det bidreg ikkje til auka forbruk (Berekraftsmål #12). Mange dugnader legg opp til sal av forbruksvarer, og vi forstår at slike dugnader er ei stor potensiell inntening av midlar. Likevel ønskjer vi å unngå å bidra til overforbruk så lenge det let seg gjere.

YSSS bidreg gjennom sin aktivitet til:

- Berekraftsmål #3.4) God helse og livskvalitet

YSSS legg til rette for symjetrening og symjeopplæring som fostrar god fysisk helse. Vidare legg klubben til rette for inkludering, trivsel og meistring som styrker kjensla av å høyre til. Det er bevist at fysisk aktivitet har ein positiv verknad på det psykiske velværet, og ungdom som deltar i idrett har betre sjølvbilete og mindre angst og depresjon samanlikna med dei som er inaktive.

- Berekraftsmål #10.2) Mindre forskjell

Forskjellane aukar i samfunnet vårt. YSSS legg til rette for aktivitetar som inkluderer alle i klubben uavhengig av bakgrunn og økonomisk status. Siste fire åra har YSSS hatt tett samarbeid med kommunane

i regionen om aktivitet for flyktningar, i tillegg til å ha sikra inkluderingsmidlar frå fylkeskommunen, PAF og Gjensidige.

- Berekraftsmål #17.16) Samarbeid for å nå måla

Norges Svømmeforbund sin visjon er å skape vannvittig idrettsglede. Regjeringa har etablert nullvisjon mot drukning. Dette er mål som YSSS bidreg til å oppnå i all sin aktivitet, både på symjekurs og symjetrening. Samarbeid med kommunar, andre frivillige lag og foreiningar, andre symjeklubar, barnehagar og næringslivet er naudsynt for ein relativt liten klubb som YSSS og styrkar klubben.

7 ORGANISASJON & ØKONOMI

I 2024 har YSSS for første gong i historia ei omsetning på over 1 million.

Symjing er ein kostbar idrett. Styret er oppteken av å halde kostnadane for utøvarane så låg som mogleg, for å unngå at økonomi blir ei hindring for å drive med sporten. Medlemsavgift, kursavgift og treningsavgift har vore uendra sidan 2021.

7.1 Økonomi – revidert budsjett og resultat 2024

Budsjett for 2024 var i stor grad basert på rekneskapen for 2023 og godkjent på Årsmøtet 2024. I løpet av året såg styret behov for justering av budsjettet for god økonomisk styring i tråd med strategiske avgjersler hausten 2024. Revidert budsjett, vedtatt i styremøte i juni 2024, la opp til eit resultat i tråd med det Årsmøtet hadde godkjent og inkluderte:

1. Samla auke i inntekter på omlag 150.000,- :
 - Auke knytt til dugnader, loddsal og strandrydding
 - Auke i offentlege tilskot knytt til barnehagesymjing
 - Auke i andre tilskot knytt til TEFT-midlar
 - Auke i inkluderingstiltak ettersom PAF-midlar vart sikra
 - Reduksjon i treningsavgifter ettersom talet på aktive utøvarar er redusert
2. Auka utgifter på om lag 100.000,-:
 - Auke i lønnskostnader og feriepengar. YSSS har gjennom åra utbetalt honorar til trenarar, i dialog med juristar i NIF og NSF konkluderte styret at trenarar skal ha utbetalt lønn og dermed feriepengar. Styret utbetalte i juni 2024 feriepengar opptjent i 2023 (men dette var det ikkje satt av til i 2023). Vidare oppjusterte styret timesrater for å halde på trenarane lengst mogleg. Vi har hatt stor utskifting av trenarar, og det er krevjande og kostbart å rekruttere, utdanne og lære opp nye trenarar.
 - Auke i leige av lokale/basseng, som ein direkte konsekvens av barnehagesymjing.
 - Auke i reisekostnader knytt til at fleire utøvarar reiser lenger for deltaking på stemne. To utøvarar kvalifiserte seg til regionslaget med to samlingar i Tromsø.

Konto	Resultat 2024	BUDSJETT 2024 [NOK]		
		Lagt fram på Årsmøte 2024	REV 06- 2024	Resultat vs rev budsjett
Salgsinntekt	465 554	421 000	732 500	-266 946
Annen driftsinntekt	812 867	498 000	423 000	389 867
Sum driftsinntekter	1 278 421	919 000	1 155 500	122 921
Varekostnad	8 281	25 000	25 000	-16 719
Lønnskostnad	511 711	472 090	587 543	-75 832
Annen driftskostnad	534 380	415 820	515 320	19 060
Sum driftskostnader	1 054 372	912 910	1 127 863	-73 491
Driftsresultat	224 049	6 090	27 637	196 412
Netto finansposter	-128	-1 400	-1 400	1 272
Ordinært resultat	223 921	4 690	26 237	197 684

Året enda med eit positivt resultat på 223.921,- Overskotet er mykje større enn budsjettet. YSSS har ikkje eit mål om å gå med så stort overskot på eitt år, men det gir oss ein tryggleik for dårlegare år. Avviket i tabellen over er rekna ut frå revidert budsjett 08-2024. "Salgsinntekt" og "Annen driftsinntekt" må sjåast i samanheng, mellom anna fordi tilskot til barnehagesymjing blei budsjettet som offentleg tilskot og ført som kursinntekt.

Dei store avvika i rekneskapan samanlikna med revidert budsjett 2024 er:

- Kursinntekter blei høgare enn budsjettet. Budsjettet for kursinntekter blei justert ned i revidert budsjett grunna stengt Sunnmørsbadet i 2. kvartal 2024, og vi trudde det ville påverke inntektene. Inntektsauka hadde samanheng med fleire fulle kurs og redusert ledige plassar på kursa vi gjennomførte.
- Auke i medlemskontingent. Dette hovudsakleg grunna symjekurs som blei fakturert som medlemsavgift+kursavgift (til same totalpris). Deltakarar på kurs skal meldast inn i YSSS i tråd med grenavtalen med NSF. Tidlegare år har vi ikkje funne ein god måte å sende betalingskrav for kurs som inkluderte medlemskontingent. Dette fann vi ei løysing for i 2024.
- Inntekter for dugnader knytt til ryddeaksjonar og loddsal blei høgare enn budsjettet.
- Inntekter på eigenandelar for utøvarar på stemne var høgare enn budsjettet. Dette er eit resultat av systematisk utsending og oppfølging av betalingkrav knytt til stemne i tråd med retningslinjene til klubben.
- Lågare lønnskostnader enn budsjettet. Klubben hadde ingen tilsette på drift frå april til september. Overordna drift av symjeskulen og anna klubbdrift blei i denne perioden primært handtert av styret og frivillige eldsjeler. YSSS lykkast heller ikkje med rekruttering av ny trenar i Herøy hausten 2024, noko det var budsjettet for. I revidert budsjett vart lønnskostnad oppjustert basert på prognosane, men litt for høgt.
- Det blei kjøpt mindre utstyr enn budsjettet i 2024.
- Kostnader til leige av lokale blei lågare enn budsjettet, delvis på grunn av at barnehagesymjinga måtte fordelast over 2024 og 2025.
- Høgare kostnader knytt til rekneskapsførar og rekneskapsprogram enn budsjettet. Dette har delvis samanheng med god hjelp i oppryddinga knytt til arbeidskontraktar, utbetaling av feriepengar opptent i 2023, OTP og pensjon. Dette er likevel kostnader vi skal kike nærmare på, for å finne ut korleis vi kan halde dei på eit lågast mogleg nivå.
- Lågare kostnader knytt til påmelding på stemne. Det har vore færre startar på stemne i 2024 enn budsjettet. Dette har også samanheng med ein reduksjon i talet på utøvarar i konkurransegruppene.

Økonomiske grep som blei innført i løpet av 2024 og skal vidareførast i 2025:


- Strategisk og målretta arbeid med sponsorar.
- Utsending faktura til sponsorar fyrste halvår for å sikre god likviditet.
- Kontinuerleg avstemming av konto for oversikt og styring.
- Inkluderande dugnader.

- Tydelege rammer for eigenandelar ved deltaking på stemne (startar, overnatting, reise), betalingskrav sendt ut så tidleg som mogleg for arrangement.
- Dialog med Sparebanken Møre om forvaltning av delar av eigenkapital på høgrentekonto for betre avkastning.

I tabellen under er hovudpostane for dei seks siste åra oppsummert, saman med foreslått budsjett for 2025. Samanlikningar er vist lengst til høgre. Omsetning og resultat er vist grafisk under.

Resultatregnskap YSSS	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025E	2023 vs 2024	2025E vs 2024
Salgsinntekt	87 072	144 438	357 417	299 069	430 590	465 554	513 000	↑ 8 %	↑ 10 %
Annen driftsinntekt	160 549	234 794	453 221	643 785	519 934	812 867	770 000	↑ 56 %	↓ -5 %
Sum driftsinntekter	247 621	379 232	810 638	942 855	950 523	1 278 421	1 283 000	↑ 34 %	↑ 0 %
Varekostnad	-	-	75 175	40 944	24 456	8 281	10 000	↓ -66 %	↑ 21 %
Lønnskostnad	93 810	59 059	140 634	351 296	507 224	511 711	649 026	↑ 1 %	↑ 27 %
Annen driftskostnad	165 948	141 738	339 449	384 763	545 348	534 380	610 600	↓ -2 %	↑ 14 %
Sum driftskostnader	259 758	200 797	555 258	777 002	1 077 028	1 054 372	1 269 626	↓ -2 %	↑ 20 %
Driftsresultat -	12 137	178 435	255 380	165 853	- 126 504	224 049	13 374	↑ 277 %	↓ -94 %

HISTORIKK - OMSETNING OG KOSTNADER YSSS



I strategien 2021-2024 var målet ein solid økonomi (årleg omsetning > 500.000), god støtte frå lokale sponsorar og støttespelarar og profesjonell drift. Omsetningsmålet er dobla, delvis grunna auka lokale sponsorar. Klubben har framleis å strekke seg etter i profesjonell drift, og det blir eit fokus også i åra framover.

7.2 Budsjett 2025

Konto	Resultat 2024	Budsjett 2025	% vs 2024 resultat	% av oms
Salgsinntekt	465 554	513 000	10 %	40 %
Annen driftsinntekt	812 867	770 000	-5 %	60 %
Sum driftsinntekter	1 278 421	1 283 000	5 %	100 %
Varekostnad	8 281	10 000	21 %	1 %
Lønnskostnad	511 711	649 026	27 %	51 %
Annen driftskostnad	534 380	610 600	14 %	48 %
Sum driftskostnader	1 054 372	1 269 626	62 %	99 %
Driftsresultat	224 049	13 374	-57 %	1 %
Netto finansposter	-128	13 600	10725 %	1 %
Ordinært resultat	223 921	26 974	-88 %	2 %

I budsjettet for 2025 er det estimert inntekter som i 2024, og ei auke i kostnader slik at driftsresultatet blir ca 1% av omsetninga.

Auke i kostnader heng saman med fast tilset symjeskulekoordinator/ klubbsekretær for heile 2025. Det er

også budsjettert inn ei auke i trenarressursar til kursaktivitet, barnehagesymjing og symjetrening.

Sponsorinntekter er budsjettert med same nivå som 2024. I 2024 var det budsjettert inn ei auke på ca 80.000,-, noko vi lykkast med å hente inn. Dessverre var mange av avtalane 1-årige og mykje av jobben må dermed gjerast om att i 2025. Vi er likevel optimistiske på at vi skal klare å hente inn like mykje sponsorinntekter i 2025, med mål om å få fleire fleirårige avtalar. Det er viktig at alle foreldre og føresette i YSSS nyttar sitt nettverk og leitar etter moglege nye sponsorar!

Andre driftskostnader er auka med 14% i 2025 samanlikna med 2024-resultat. Dette har samanheng med leige av basseng til barnehagesymjing, både vår og haust. Andre Driftskostnader er forsøkt halde realistiske og så låge som mogeleg, utan å kompromisse på utvikling av klubben og profesjonalisering av drifta.

Detaljert resultatregnskap for 2024 og budsjett for 2025 er å finne i vedlegg 1.

YSSS implementerte i 2021 regnskapsprogrammet PowerOfficeGo. Saman med assistanse frå Reknehuset AS har dette gitt eit betydeleg løft for klubben i form av automatiserte og kvalitetssikra prosessar for faktura- og bilagskontroll, sporbarheit, lønnsutbetalingar og ikkje minst resultat- og budsjettovervaking.

7.3 Informasjon, kommunikasjon og profilering

Å drive ein symjeklubb som er spreidd på tre ulike lokasjonar, der ein «soknar» til sitt eige lokale basseng har sine utfordringar. Under stiftinga i 2016 kom det ganske klare signal frå Norges Svømmeforbund at nedslagsfeltet rettferdiggjorde maksimalt ein klubb.

Utfordringane til YSSS i kvardagen går ut på å:

- Få rett og konsistent informasjon ut til medlemmar og trenarar.
- Samordning av trenings- og kursinnhald, samt å levere dette med ein konsistent kvalitet på tvers av lokasjonar.
- Tilgang på ressurspersonar på dei ulike lokasjonane, som trenarar, styremedlemmar og andre frivillige. I dette må også nemnast praktiske trivielle ting som kompetansedeling og transport.
- Definerte roller og ansvar med tydelege mandat (lokalt vs klubben totalt)

YSSS nyttar i stor grad Facebook til kommunikasjon om tilbod, arrangement, prestasjonar, sponsorhyllest og sosiale hendingar. Facebook er integrert med nettsida ysss.no. På denne måten evnar klubben å ha ein jamn nyheitsstraum ut til medlemmar, sponsorar og kundar.

Instagram-kontoen for YSSS blir flittig brukt av dei yngre og aktive medlemmane i klubben. Det viser seg at dette er ein god kanal for å «følge» andre symjeklubar og utøvarar i landet. Vi har fått positive kommentarar frå andre klubbar om Instagram-kontoen vår. Sosiale media er ein viktig kommunikasjonskanal for YSSS.

YSSS nyttar Spond til invitasjon til arrangement, kommunikasjon med føresette, symjeskuledeltakarar og treningsutøvarar, og også til å sende ut betalingskrav.

Gjennom året har klubben fleire gongar vore omtala i media gjennom gode sportslege prestasjonar, arrangement, barnehagesymjing og sponsorkontrakter (Vikebladet, Vestlandsnytt, Sunnmørsposten).

7.4 Sponsorar og støttespelarar

Budsjettet for 2024 la opp til ei 20% auke i sponsorinntekter frå 2023 til 2024. YSSS har aktivt og strategisk jobba med å få fleire sponsorar med på laget. Dette har vi lykkast med, sjølv om vi ikkje nådde heilt til budsjettet på 310.000,-

Mange av dei nye sponsoravtalane blei 1-årige. Målet vårt er fleirårige avtalar, for er å sikre ein stabil inntektsstraum som kan balansere drifta i profesjonaliseringsprosess og auka kostnader. Vi ser derfor at sponsorarbeidet blir viktig også i 2025.

Type	Bedrift	2021	2022	2023	2024
1) Generalsponsor	Sparebanken Møre ASA				
2) Hovudsponsor	Jets Vacuum AS	-			
2) Hovudsponsor	Ulmatec Eiendom AS				
2) Hovudsponsor	Brakali Group AS				
3) Samarbeidspartnar	Tussa AS	-			
3) Samarbeidspartnar	Island Offshore AS				
3) Samarbeidspartnar	Olympic Subsea ASA				
3) Samarbeidspartnar	Ulsmo ASA				
3) Samarbeidspartnar	BDO				
3) Samarbeidspartnar	Mare Safety				
3) Samarbeidspartnar	Bucci Arkitekt AS				
3) Samarbeidspartnar	HAV Group ASA				
3) Samarbeidspartnar	Ulstein Group				
3) Samarbeidspartnar	CONPLAN				
3) Samarbeidspartnar	Blink Hus				
3) Samarbeidspartnar	REM Offshore				
4) Heiagieng	Ulstein Betongindustri				
4) Heiagieng	Ulstein Bil AS				
4) Heiagieng	Hareid Group				
4) Heiagieng	Franzefoss				
4) Heiagieng	DIMO AS				
4) Heiagieng	Libra Plast				
4) Heiagieng	BDO				
Sum Sponsorinntekter:		135 000	169 000	231 500	287 000

Vi har 3 kategoriar av sponsorpakkar; 1) Hovudsponsor med årleg yting på 30-50.000 kr, 2) Samarbeidspartnar med årleg yting på 10-30.000 kr, og 3) Heiagieng som bidreg med beløp under 10.000 kr. I tillegg har vi Sparebanken Møre som er vår Generalsponsor.

Alle medlemmer har eit ansvar for å fremme sponsorane våre gjennom profilering ved bruk av klubbkle. Sponsorar har i 2024 fått mykje merksemd i vår kommunikasjon på Facebook.

7.5 Offentleg støtte

I 2024 fekk YSSS innvilga søknad frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal knytt til barnehagesymjning på 180.000,-. Dette beløpet blir periodisert på 2024 og 2025 når aktiviteten blir gjennomført, stønaden blir inntektsført som 'Kursinntekter'. Meir om barnehagesymjning i avsnitt 3.3 over.

7.6 Prosjektmidlar

YSSS har i løpet av 2024 sendt inn 28 søknader om prosjektmidlar til ulike støtteordningar. Av desse 28 vart 10 innvilga på totalt 415.750,-. Dette inkluderer støtte frå Statsforvaltar til barnehagesymjning og midlar for strandrydding.

Prosjektsøknader er krevjande arbeid, både i planlegging, gjennomføring, budsjettering og rapportering (både økonomisk og resultatrapportering). Det blir viktig at vi ikkje lagar oss for mykje ekstra administrasjon ved å etablere prosjekt som krev ressursar vi i utgangspunktet ikkje har.

Vi er særleg godt nøgd med inkluderingsarbeidet, som vi i fleire omgangar og i fleire år har sikra støtte til. Å legge til rette for at utøvarar med flyktningbakgrunn kan delta på lik linje med alle andre utøvarar i symjesporten, er viktig for å halde dei i klubben. I 2024 fekk vi tildelt midlar frå PAF Foundation til å dekke kursavgift og eigenandel på trening og deltaking stemner.

TEFT-midlar vi fekk tildelt frå Sparebanken Møre i kartlegging og initiering av barnehagesymjning, var avgjerande for at vi sette i gang dette arbeidet. Det viste seg å bli ein nøkkel i å etablere eit breitt samarbeid mellom YSSS og barnehagane for symjeopplæring.

7.7 Dugnad

Alle idrettslag er avhengige av dugnader for balanse i økonomien. YSSS er tufta på dugnad og mange funksjonar blir fylt av frivillige. Vi er opptatt av at dugnadane våre involverer, byggjer fellesskap og bidrar i lokalsamfunna vi høyrer til.

I 2024 har vi hatt to strandryddeaksjonar og eitt loddsal/lotteri. Totalt bidrog dette med over 70.000,- i inntekter til klubben. Loddsal er positiv omdømmebygging for YSSS. Ringe på dører og fortelje om symjeklubben er god reklame og skapar stoltheit.

7.8 Klubbkle

Klubben har klubbkle, som er viktig for å bygge identitet og klubbfellesskap. Det er oppfordra til at både utøvarar og heiagjeng har t-skjorte som eit minimum, og nyttar desse på stemne og samlingar. Treningar får ei klubb t-skjorte gratis.

Tidlegare har bestilling av klubbkle blitt handtert manuelt frå Arbiro, som har medført mykje administrativt ekstraarbeid i oversikt over bestilling, oppfølging, distribusjon og fakturering. Styret har hausten 2024 henta inn informasjon om alternativ basert på nettbestilling, der kvar enkelt bestiller til seg

sjølv. Klubben oppdaterer sponsortrykk ein gong i året i nettbutikken. Denne nye nettløysinga kom på plass i starten av februar 2025.

Klubben bestiller inn badehetter og har eit eige lager av det. Alle utøvarar får ei badehette gratis, utover denne må utøvarar kjøpe sjølv.



8 ANLEGG

YSSS er i ein veldig god posisjon når det gjeld tilgang på basseng. Mange klubbar i Noreg har dette som si største utfordring, men etter dei store utbyggingane i Ulstein og Herøy dei siste 10 åra er tilgang til basseng ei av styrkane til klubben. Dette kunne vi også hauste godt av då Sunnmørsbadet var stengt april-juni 2024 og klubben kunne tilby treningar til alle utøvarane i Ulstein Arena, som kun er ein 30-minuttars køyretur frå Sunnmørsbadet. Utfordringane i vår region er at kollektivtilbodet ikkje er like godt som i større byar.

Harmonisering av kostnader knytt til inngang i basseng er framleis ei utfordring, og er ei barriere for eit tettare treningsmiljø i klubben. Bassenganlegga blir drifta av tre ulike aktørar:

- Anlegget i Ulstein (Ulstein Arena) er kommunalt, men blir drive kommersielt som eit badeland. Tilgang til både terapibad og 25m basseng.
- Anlegget i Herøy (Sunnmørsbadet) er privat og blir drive som eit kommersielt badeland. Tilgang til både terapibad og 25m basseng.
- Anlegget på Hareid (Hareid Symjehall) er eit kommunalt anlegg, men utan badevakter. YSSS må stille med eigen badevakt på trening/kurs. 12,5m basseng.

Samarbeidet med alle tre anlegga er godt, og partane er løysingsorientert. YSSS sine medlemmar får gunstige rabattordningar på årskort (-20% på Ulstein Arena og -50% på Sunnmørsbadet). Vedlegg 1: Resultatregnskap 2023 og budsjett 2024.

9 VEDLEGG 1 – RESULTATREKNESKAP 2024 OG BUDSJETT 2025

Rekneskap 2024 og Budsjett 2025


Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb

Kontonr	Konto	Resultat 2024	BUDSJETT		Diff %	Budsjett 2025	vs 2024 resultat	% av oms
			REV 06-2024	Avvik				
	Solgsinntekt	465 554	732 500	-266 946	-36 %	513 000	10 %	40 %
3120	Sponsorinntekter, avgiftsfri	307 500	310 000	-2 500	-1 %	310 000	1 %	24 %
3211	Andre interne salg	400	50 000	-49 600	-99 %	3 000	650 %	0 %
3400	Offentlige tilskudd	73 815	280 000	-206 185	-74 %	80 000	8 %	6 %
3440	Andre tilskudd	43 839	32 500	11 339	35 %	50 000	14 %	4 %
3450	Inkluderingsstiltak, flyktninger	40 000	60 000	-20 000	-33 %	70 000	75 %	5 %
	Annen driftsinntekt	812 867	423 000	389 867	92 %	770 000	-5 %	60 %
3410	Momskompensasjon	85 796	0	85 796		90 000	5 %	7 %
3910	Kursinntekter	481 160	300 000	181 160	60 %	450 000	-6 %	35 %
3920	Medlemskontingenter	44 900	16 000	28 900	181 %	40 000	-11 %	3 %
3930	Treningsavgifter	56 000	60 000	-4 000	-7 %	60 000	7 %	5 %
3940	Egenandeler	61 536	35 000	26 536	76 %	50 000	-19 %	4 %
3960	Lotterier, bingo etc	36 430		36 430		40 000	10 %	3 %
3990	Andre inntekter	47 045	12 000	35 045	292 %	40 000	-15 %	3 %
	Sum driftsinntekter	1 278 421	1 155 500	122 921	11 %	1 283 000	0 %	100 %
	Varekostnad	8 281	25 000	-16 719	-67 %	10 000	21 %	1 %
4300	Varekostnad, varer for videresalg	8 281	25 000	-16 719	-67 %	10 000	21 %	1 %
	Lønnskostnad	511 711	556 057	-44 346	-8 %	649 026	27 %	51 %
5000	Fast Lønn m/feriep / m/arb.gj.avg. lønnsart 100, 103	133 623	468 780	-335 157	-71 %	504 176	277 %	39 %
5001	Fast Lønn m/feriep / u/arb.gj.avg. lønnsart 106	53 333		53 333				
5002	Timelønn m/feriep / ingen arb.gj.avg. Lønnsart 105	228 821		228 821				
5003	Timelønn m/feriep / ingen arb.gj.avg. Lønnsart 103			0				
5050	Hjelpekonto Lønn			0				
5092	Feriepenger	42 409	20 297	22 112	109 %	51 426	21 %	4 %
5093	Feriepenger over 60 år	573		573				
5094	Feriepenger 2023	8 663	25 000	-16 337	-65 %			
5400	Arbeidsgiveravgift	20 508	30 000	-9 492	-32 %	71 089	247 %	6 %
5405	Arb.giv.avg av pål. feriepenger	6 061	6 000	61	1 %	7 251	20 %	1 %
5406	Arb.giv.avg av pål. feriepenger 2023	2 581	2 000	581	29 %			
5420	Innberetningspliktig pensjonskostnad, OTP	11 821		11 821		10 084		1 %
5952	Innberetning OTP/AFO	11 821		11 821				
5953	Motkonto innberetning OTP/AFP	-11 821		-11 821				
5990	Andre personalkostnader, forsikring	3 318	3 980	-662	-17 %	5 000	51 %	0 %
	Annen driftskostnad	534 380	535 820	-1 440	0 %	610 600	14 %	48 %
6100	Frakt, transportkostnad, toll og avgifter	1 344		1 344		0	-100 %	0 %
6300	Leie lokaler	126 190	145 000	-18 810	-13 %	160 000	27 %	12 %
6400	Leie maskiner, inventar, datasystemer		7 000	-7 000	-100 %			
6420	Leie datasystemer	31 056	8 500	22 556	265 %	55 000	77 %	4 %
6440	Leie transportmidler	32 040	6 000	26 040	434 %	60 000	87 %	5 %
6545	Datautstyr	2 754	0	2 754		5 000	82 %	0 %
6580	Idrettsutstyr	43 608	60 000	-16 392	-27 %	40 000	-8 %	3 %
6705	Regnskapshonorar	52 075	30 000	22 075	74 %	40 000	-23 %	3 %
6730	Idrettsfaglig bistand	35 437	25 000	10 437	42 %	25 000	-29 %	2 %
6800	Kontorrekvisita		1 000	-1 000	-100 %			
6860	Møte, kurs, oppdatering etc	8 695	20 000	-11 305	-57 %	15 000	73 %	1 %
6907	Internett		1 000	-1 000	-100 %			
7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	10 502	15 000	-4 498	-30 %			
7110	Bilgodtgjørelse, ikke oppgavepliktig			0		15 000	-	1 %
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	21 919	420	21 499	5119 %	20 000	-9 %	2 %
7141	Fly	12 925	15 000	-2 075	-14 %	15 000	16 %	1 %
7144	Hotell	28 243	25 000	3 243	13 %	25 000	-11 %	2 %
7145	Andre reisekostnader	-5 995	62 000	-67 995	-110 %	0	-100 %	0 %
7162	Beverting	19 888	15 000	4 888	33 %	25 000	26 %	2 %
7320	Reklame og annonser		500	-500	-100 %			
7350	Representasjon, fradragsberettiget	3 263	0	3 263				
7400	Medlemskontingenter	2 000	3 000	-1 000	-33 %	3 000	50 %	0 %
7410	Påmelding serier, turneringer etc	57 495	73 500	-16 005	-22 %	57 600	0 %	4 %
7420	Gaver og premier	3 208	4 000	-792	-20 %	4 000	25 %	0 %
7500	Forsikringspremier	5 685	0	5 685		6 000		
7740	Øresavrunding	-4	0	-4		0	-100 %	0 %
7770	Bank og kortgebyrer	13 043	3 000	10 043	335 %	10 000	-23 %	1 %
7771	Gebyr Filial af Banking Circle	12 562	900	11 662	1296 %	15 000	19 %	1 %
7790	Diverse kostnader	16 447	15 000	1 447	10 %	15 000	-9 %	1 %
	Sum driftskostnader	1 054 372	1 116 877	-62 505	-6 %	1 269 626	20 %	99 %
	Driftsresultat	224 049	38 623	185 426	480 %	13 374	-94 %	1 %
	Renteinntekter	0	0	0		15 000		1 %
8155	Rentekostnader leverandør	128	1 400	-1 272	-91 %	1 400		0 %
	Netto finansposter	-128	-1 400	1 272	-91 %	13 600	10725 %	1 %
	Resultat før skatt	223 921	37 223	186 698	502 %	26 974	-88 %	2 %
	Ordinært resultat	223 921	37 223	186 698	502 %	26 974	-88 %	2 %
	Udisponert overskudd/underskudd	223 921	37 223	186 698	502 %			

10 VEDLEGG 2: FORSLAG TIL MEDLEMSKONTINGENT 2025 OG 2026 OG TRENINGSavgIFT 2025

	Avgift	Sats	Kommentar
<i>Medlemskontingent 2025</i>	200,-		Betalingskrav bli sendt ut i 1. kvartal 2025
<i>Medlemskontingent 2026</i>	200,-		Betalingskrav bli sendt ut i januar 2026
<i>Treningsavgift – R1</i>	1200,-		Betalingskrav blir sendt ut halvårleg
<i>Treningsavgift – K2</i>	1600,-		Betalingskrav blir sendt ut halvårleg
<i>Treningsavgift – K1</i>	2000,-		Betalingskrav blir sendt ut halvårleg

11 VEDLEGG 3: ORGANISASJONSPLAN YSSS 31.12.2024



YSSS har ikkje p.t. oppretta rolla Dagleg Leiar. Organisering og leiing er ivaretatt av eit arbeidande styre satt saman av:

- Leiar – Katrine Vestbøstad (ikkje på val)
- Nesteleiar – Ingrid Fjørtoft (ikkje på val)
- **Styremedlem – Martin Jung Leine (på val)**
- Styremedlem – Cian Walsh (ikkje på val)
- **Styremedlem – Silje Slotsvik (på val)**
- Styremedlem – Kristin Rånes (ikkje på val)

Klubbsekretær rapporterer til styreleiar.

Symjeskulekoordinator rapporterer til styreleiar. Opplæringstrenarar i symjeskulen rapporterer til Symjeskulekoordinator.

Trenarar rapporterer til sportsleg leiar.

YSSS har følgande **utval og nemnder** som skal veljast på årsmøtet:

- Kontrollutval
- Valnemnd

I tillegg kan styret utnemne andre utval/nemnder ved behov.